



Planomtale  
Sykkylven kommune

Detaljplan FTU3 utleigehytter ved  
Kursetstranda

Planid 1528 2025003

26.05.2026



## Innhald

1. Samandrag .....	4
2. Dagens situasjon .....	4
3. Bakgrunn/mål med planarbeidet.....	4
4. Planprosess og medverknad.....	6
5. Planstatus og rammer for planområdet .....	8
6. Planområdet, eksisterande situasjon .....	12
7. Omtale av planen .....	23
8. Verknad/konsekvensar av planframlegget.....	41
9. Avveging av verknadar.....	45
10. Avsluttande kommentar.....	45
11. Plankart.....	45



Kontaktinformasjon:

Adresse: Vikeøyane 7, 6150 Ørsta

E-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no)

Tel.: 70 04 52 20

Heimeside: [www.oseing.no](http://www.oseing.no)

Lokalisering	Planområdet ligg på Kursetgjerdet, i Hundeidvika i Sykkylven kommune.
Adresse	Har ikkje adresse per no
Gards- og bruksnr.	Gbnr 51/38 mfl.
Planid	1528 2025003
Areal på planområdet	Om lag 7,5 daa
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)plan)	Ikkje regulert. I pågåande rullering av kommuneplanen sin arealdel er området lagt ut med formål fritids- og turistformål.
Forslagsstillar	Bjørn Idar Lyngvær
Grunneigar	Privat
Plankonsulent	OSE AS v/ Bjarte Friisvold
Planen sine formål	Veg, annan veggrunn, parkering, grøntareal, naust, utleigehytter og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.
Aktuelle problemstillingar	Ferdsel i strandsona, tilkomst frå veg, naturfare, utnytting.
Er det varsla motsegn? (j/n)	N
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	N
Informasjonsmøte halde (j/n)	N

## 1. Samandrag

Tilrettelegging for sjønære utleigehytter, tilkomst frå offentleg veg, og sikring av ferdsel i strandsona.

## 2. Dagens situasjon



Bilete 1 Bilete frå planområdet.



## 3. Bakgrunn/mål med planarbeidet

### 3.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Kursetgjerdet ved Kursetstranda i Hundeidvika i Sykkylven kommune.

### 3.2 Mål med planen

Mål med planarbeidet er å leggje til rette for:

- 8 hytter for utleige

- Avkøyrsler frå vegen Kursetstranda
- Biloppstillingsplassar
- Regulere eksisterande naust

### 3.3 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarskap

Bjørn Idar Lyngvær er forslagsstillar og OSE AS utfører planarbeidet. Det er fleire private eigarar innanfor planområdet og kommune som vegeigar.

### 3.4 Tidlegare vedtak i saken

Det er ikkje tidlegare vedtak i denne saka.

### 3.5 Utbyggingsavtalar

Ikkje relevant.

### 3.6 Plantype og kartgrunnlag

Planarbeidet blir gjennomført som detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Kartgrunnlag vart motteke 21.10.2025 frå Sykkylven kommune.

### 3.7 Plandata

Namn på reguleringsplanen er FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda. Planen består av:

- Plankart i målestokk 1:1000, målestokkrett i A3
- Planomtale
- Sjekkliste ROS og ROS-analyse
- Føresegner
- Merknadsvurdering etter oppstart av planarbeid
- Fagutgreiing

- Flaumvurdering
- Skredfarevurdering
- Saksutgreiing offentleg ettersyn (kommunen som utarbeidar)

## 4. Planprosess og medverknad


### 4.1 Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart sendt ut med brev av 04.07.2025 til heimshavarar, naboar til planområdet og offentleg mynde. Oppstart av planarbeid vart annonsert i Nyss 11.07.2025 og lagt ut på Sykkylven kommunen og OSE AS sine heimesider. Frist for å kome med merknad vart sett til 18.08.2025.

### 4.2 Innkomne merknadar

Det kom inn 7 merknadar. I vedlegg merknadvurdering, datert 22.12.2025, er det utarbeidd

**VARSEL OM REGULERINGSARBEID**  
 Detaljregulering for FTU3 utleigehytter ved Kursetstranda, gbnr. 51/38 mfl. - Sykkylven kommune



I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, varslar OSE AS med dette at det vert starta arbeid med privat reguleringsplan for utleigehytter/naust på Kursetstranda. Planid: 15282025003. Varslingsområdet er vist med stipla strek på kartutsnittet. Bjørn Idar Lyngvær står som forslagsstillar og OSE AS står for planarbeidet.


Det aktuelle området ligg på gbnr. 51/38 mfl., og er på omlag 8 daa. Det vart halde oppstartsmøte med Sykkylven kommune 16.06.2025. Formålet med planarbeidet er å regulere til:

- Utleigehytter med nødvendige funksjonar
- Naust

Det er konkludert med at reguleringsplanen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Orientering om saka kan ein få ved å vende seg til OSE AS tlf. 974 89 987 eller e-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no). Varslingsdokument for meir utfyllande informasjon ligg på nettsidene til Sykkylven kommune og OSE AS under kunngjeringar.

Den som har opplysningar av betydning for planarbeidet vert beden om å sende desse skriftleg til OSE AS, per e-post til [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no) eller Vikeøyane 7, 6150 Ørsta innan **18.08.2025**. Naboar/grunneigarar/partar/offentleg mynde vert varsla med brev.



Figur 1 Annonse i Nyss 11.07.2025.

oppsumming av innkomne merknadar med vurdering og originale merknadar.

### 4.3 Saksgong

Skissering av normal saksgong ved regulering:

- Varsel om oppstart – frist for merknad 4 veker
- Vurdering av fråsegner, utarbeiding av framlegg til reguleringsplan; plankart, føresegner, planomtale og ROS
- Politisk handsaming for offentleg ettersyn
- Offentleg ettersyn av plandokumenta minimum seks veker
- Gjennomgang og vurdering av innkomne merknadar
- Politisk handsaming for vedtak
- Vedtak av planen i kommunestyret
- Utsending av vedtak
- Klagefrist 3 veker etter mottak av vedtak

Det kan vere aktuelt med 2. gongs offentleg ettersyn for planar der det er nødvendig med større endringar etter første gongs offentleg ettersyn.

### 4.4 Framdrift

Vidare framdrift i saksgongen, meir usikkert til lenger fram i tid:

- Offentleg ettersyn av plandokumenta i minimum 6 veker – vinter 2026
- Kunngjering av vedtak om godkjenning av kommunestyret vår 2026
- Klagefrist sommar 2026

#### 4.5 Egedomar innanfor planområdet

Etter matrikkellova skal ikkje kopling mellom namn, adresse og gbnr. bli offentleggjort.

Heile eller delar av egedomar som blir råka av planarbeidet:  
gbnr. 51/3, 5, 11, 17, 23, 24, 31, 34, 35, 36, 38 og 54/10. 48,  
110.

#### 4.6 Medverknad

Etter innkomne fråsegner til oppstart av planarbeid er det vurdert at det ikkje er behov for medverknadsmøte før plandokumenta blir lagt ut til offentlig ettersyn. Tiltakshavar har vore i kontakt med grunneigarar i og ved planområdet.

## 5. Planstatus og rammer for planområdet

### 5.1 Statlege rammer

#### Lov

Plan- og bygningsloven (pbl)

- Utarbeiding av detaljplan etter pbl.

Naturmangfaldlova

- Vurdering av konsekvensar planen vil få for naturmiljø

Folkehelselova

- Vurdering av konsekvensar for folkehelse

Forureiningslova med forskrifter

- Vurdering/avbøtande tiltak mot forureining

#### Forskrift

Forskrift om konsekvensutredning

- Vurdering om planar og tiltak skal konsekvensutgreiast

Byggteknisk forskrift (TEK17)

- Krav for å føre opp lovlege bygg/tiltak

Vassforskrifta

- Gjev rammer for miljømål av vassførekomst

#### Retningslinjer

[Statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet](#)

- Det blir lagt opp til utbygging av bustadar som kan medføre endringar for området

[Statlege planretningslinjer for klima og energi](#)

- Planen legg opp til utbygging av nærings- og serviceareal

[Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen](#)

- Det blir lagt opp til utbygging i 100-metersbeltet langs sjø, i samsvar med overordna plan.

[Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#)

- Det skal planleggjast for barn og unge innanfor planområdet.

### 5.2 Regionale rammer

[Fylkesplan for 2025 - 2028](#)

- Gjev overordna føringar for blant anna bumiljø, klima- og miljøutfordringar og næringsliv.

Fylkesplan for miljø, klima og energi

- Planen legg strategiar og mål for klimaarbeidet i Møre og Romsdal


[Regional delplan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion](#)

- Legg føringar for forvaltning av vassressursar

### 5.3 Overordna planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023 – 2027 for Sykkylven

- Med særleg fokus på
  - Verdiskaping og arbeidsplassar
  - Tenestekvalitet
  - Busetting
  - Livskvalitet, likeverd og mangfald
- Pågåande rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Sykkylven
  - Arealbruken i kommuneplanen sin arealdel for planområdet er fritids- og turistformål.



Figur 2 Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel som er under rullering.

#### 5.4 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er ikkje regulert før.

#### 5.5 Tilgrensande planar

Det er ikkje reguleringsplanar i nærområdet til planområdet.

#### 5.6 Pågåande planarbeid

Det er ikkje pågåande planarbeid ved planområdet.

#### 5.7 Temaplanar/dispensasjon

Det er ikkje temaplanar eller dispensasjonar som vil leggje føringar for planarbeidet.

#### 5.8 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning (KU)

##### Avklaring konsekvensutgreiing

Etter pbl. § 4-1 skal alle reguleringsplanar som kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn utarbeide planprogram som grunnlag for planarbeidet. Forslagsstillar skal også vurdere om plan eller tiltak vil bli omfatta av forskrift om konsekvensutredning §§ 6, 7 og 8.

Heimel for krav om planprogram er plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutredning.

##### Omtale av tiltaket

Det blir lagt opp til å byggje ut 8 panorama hytter for utleige i strandsona. Tilkomst frå Kursetstranda, med biloppstillingsplassar inntil kommunevegen.

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er ikkje i samsvar med gjeldande KPA Sykkylven. Ønska bruk av området er i samsvar med framlegg til ny KPA Sykkylven.

Sidan ønska tiltak er i samsvar med framlegg til overordna plan som det ikkje er motsegn til, vert det vurdert at det ikkje er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Eigenskapar for planen/tiltaket:

a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet femnar om areal som delvis er opparbeidd til naust/delt frå til nausttomter. Planområdet er på om lag 7,5 daa, med del av vegen Kursetstranda, fordelt på fleire eigedomar. Planområdet følgjer areal sett av til fritids- og turisme formål, med areal langs veg for å sikre frisktsoner.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert ikkje lagt opp til bruk av naturressursar, det vert lagt opp til nedbygging av naturmark. Området er lagt ut til utbyggingsformål i KPA.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Det blir ikkje lagt opp til avfallsproduksjon eller utslepp.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar på grunn av ønska tiltak.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikkje medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø. Det er SEFRAK-bygning nord for planområdet.

b. Planen vil ikkje medføre tiltak som vil skade truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Området ligg innanfor funksjonsområde for hjort.

c. Planen/tiltak kjem i konflikt med statlege planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona, arealbruken er avklart i overordna plan til utbyggingsformål.

d. Det vert ikkje lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka/eller dyrkbart. Planen vil ikkje få negative konsekvensar for landbruksdrift.

e. Det blir ikkje lagt opp til særleg auka miljøbelastning.

f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.

g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.

h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er liten. Det er fjell i dagane i og ved planområdet.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan FTU3 utleiehytter ved Kursetstranda ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.



*Figur 3 3D av planområdet. Kjelde 3D kommunekart.*

## 6. Planområdet, eksisterande situasjon

### 6.1 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Innanfor planområdet er eit naust, med restar av grunnmuren for eit anna. Det er bygd opp vor framfor eksisterande naust. Del av kommunevegen Kursetstranda ligg innanfor planområdet. Aust for planområdet er det to bustadar og ei hytte, med meir busetnad mot sør.

### 6.2 Staden sin karakter

Planområdet ligg i eit område med spreidd busetnad, med varierende bygningsbruk, bustadar, fritidsbustadar og naust. Strukturar i landskapet er strandsona, overgang mellom sjø og land, og kommunevegen som går gjennom området.

### 6.3 Landskap

Definisjon av landskapet etter NiN-systemet; Relativt opent fjordlandskap med bygde område.

Planområdet ligg i sørvestleg helling i strandsona, kote 0 – 12 m, med fjell som går opp til 350 m aust for planområdet.

Området ligg ved utløpet av Hjørundfjorden til Storfjorden. Fjella vil redusere sol tilgang, spesielt vinterstid, men vil ha kveldssol inn Storfjorden. Det er ikkje registrert spesielt lokalklima i området.

Området har ikkje spesiell estetisk eller kulturell verdi.

### 6.4 Historisk bilete

Flyfoto frå 1962 syner arealbruken for om lag 60 år sidan.




Figur 4 Flyfoto frå planområdet teke i 1962. Kjelde Norge ibilder.

### 6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Etter sjekk i [Askeladden](#) er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller ved planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeid stilte ikkje fylkeskommunen krav om arkeologisk registrering av planområdet.

Det er registrert fleire [SEFRAK](#)-bygningar i området, restar av naust innanfor planområdet, driftsbygning aust for planområdet, og naust sør for planområdet. Det blir i seinare kapittel gjort ei vurdering av nyare tids kulturminne.

Registrert naustruin innanfor planområdet er tidfesta til om lag 1840, og det vart revet/brent i tidsrommet 1925 – 1949. Murane er rausa saman og treverk er rotna/fjerna.



Figur 5 Oversikt over automatisk freda kulturminne (ingen) og nyare tids kulturminne (trekantar med ulik farge). Kjelde Askeladden.



Bilete 2 Bilete av naustrest, med rausa saman murar. Bilete Bjørn Idar Lyngvær.


### 6.6 Naturverdiar

Etter sjekk i Artsdatabanken er det ikkje registrert raudlista/truga artar innanfor eller like ved planområdet. Det er markert område for næringssøkande hjort ved planområdet.

Etter sjekk i Naturbase er det ikkje registrert verneområde, heilskapleg kulturlandskap, statleg sikra friluftsområde, viktig naturtype eller utvalde naturtypar innanfor eller like ved planområdet.



Figur 6 Oversikt registreringar av naturmangfald i Naturbase. Kjelde Naturbase.



Figur 7 Oversikt over verneområde ved planområdet. Kjelde Miljødirektoratet.

### 6.7 Rekreasjonsverdi/ bruk

Det er ikkje gjort registrering av i høve friluftsliv innanfor eller ved planområdet.

Utover naust er det ikkje spor av at området er nytta på nokon måte. Det kan sjå ut som om det er rydda for stein i strandsona, truleg er dette knytt til bygging og bruken av nausta.




Figur 8 Oversikt registrering i Artsdatabanken. Einaste registrering ved planområdet er næringssøkande areal for hjort, synt med turkis flate. Kjelde Artsdatabanekn.

## 6.8 Landbruk

Det er ikkje dyrka eller dyrkbar jord innanfor planområdet. Utbygging innanfor planområdet vil ikkje medføre konsekvensar for drifting av landbruksareal.



Figur 9 Oversikt over arealtypar (AR5). Kjelde Kilden.



Figur 10 Oversikt over kartlagte naturtyper etter Miljødirektoratet sin instruks i Sykkylven kommune. Kjelde Miljødirektoratet.

## 6.9 Trafikkforhold

### Tilkomst

Det er delvis opparbeid tilkomst til planområdet, med parkeringsplass langs kommunevegen i begge endar.

### Vegsystem

Kommunevegen er tilkomst veg for bustadar, fritidsbustadar og naust langs fjorden ved Kursetstranda. Breidde på vegen ved planområdet er om lag 3,3 m, målt i kart. Mogleg møteplassar er i avkøyrslar på begge sider av vegen. Fartsgrense for kommunal

veg er 50 km/t.

### Trafikkmengd

Det er ikkje registrert trafikkmengd for kommunevegen. For vegstrekninga frå planområdet til kryss Kurset er det omlag 25 bustadar og om lag 22 fritidsbustadar. Naust blir vurdert til å ikkje generere trafikk, det høyrer til eksisterande bustadar ovanfor planområdet. Estimert ÅDT ved planområdet er om lag 100 køyretøy:

Bustad – 3,5 turar dagleg \* 25 bustadar – 87,5 køyretøy per dag.  
Fritidsbustadar - 3 turar dagleg, \* annakvar helg gjennom året (104/365) \* 22 fritidsbustadar (inkludert trafikk frå ny plan for rorbuer ved Kursetstranda) - 19 køyretøy per dag.

Sør for planområdet er det to bedrifter, Fishtec Hygenia AS og Jarnes møbler. Transport frå desse blir estimert til ÅDT 28 køyretøy, der ÅDT 7 køyretøy utgjer tunge køyretøy.

Bedrifter 3 turar per veke dag, 10 tilsette 260/365 arbeidsdagar – 21 turar. Tunge køyretøy 2 turar 5 dagar i veka 260/365 – 7 turar. Det er regulert nytt bustadområde ved nordleg del av Kursetstranda, dette vil kome i tillegg til estimert trafikk.

Dette kjem i tillegg til trafikk ved planområdet, slik at trafikk ved kryss Kursetvegen x fylkesvegen er om lag ÅDT 147 køyretøy.

### Ulykkesituasjon

Det er ikkje registrert trafikkulykker i kryss ved Kursetvegen x Sørestrandvegen. Det er relativt nyleg gjort tiltak for å betre friskt i dette krysset. Det er ikkje gjort registreringar av ulykker langs Kursetvegen.


### Trafikktryggleik for mjuke trafikantar

Det er delt trafikk langs kommunevegen; gåande og motorisert ferdsel må nytte felles veg. Frå planområdet er det over 2 km til skulen, slik at 1. klassingane har rett på skuleskyss. Andre barn og unge må gå/sykle til skulen.

Kommunevegen fram til Kurset krysset har låg fartsgrense og er oversiktleg. Hovudtyngda av biltrafikken i døgnet langs vegen vil vere før og etter at den blir nytta som skulevegen.

### Kollektivtilbod

Det går ikkje bussrute langs Kursetstranda. Næraste busstopp er ved ferjekaia sør for planområdet, om lag 500 m i luftline frå planområdet.



Figur 11 Registrering av skiptrafikk i Storfjorden og Hjørundfjorden, planområdet er indikert med blå sirkel. Kjelde Kystverket.

## 6.10 Skipstrafikk

Det er gjort registreringar av skipstrafikk i Storfjorden og Hjørundfjorden, med til dels stor trafikk. I nærområdet til planområdet er det ikkje registrert skipstrafikk.

## 6.11 Barn og unge sine interesser

Området er ikkje lagt til rette for barn og unge, det er ikkje registrert at barn og unge har brukt området.

## 6.12 Sosial infrastruktur

Planlagt bruk av området vil ikkje påvirke sosial infrastruktur.

## 6.13 Universell tilgjenge/Tilgjenge etter TEK17

Det er høgdeforskjell på om lag 12 m innanfor planområdet, og



Figur 12 Oversikt VAO-leidningar i og ved planområdet. Kjelde Sykkylven kommune.

det er relativt smalt areal, det vil vere utfordrande å få til universell utforming innanfor planområdet.

## 6.14 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Det ligg vassleidning aust for planområdet med Ø110 mm, og spillvassleidning Ø 110 mm går gjennom planområdet i nord. Overvatn går til sjø.

Nettstasjon

Det er ikkje nettstasjonar i nærområdet.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m.


Det er ikkje alternativ til straum frå leidningsnettet i dette område.t.

## 6.15 Grunnforhold

Lausmasse innanfor planområdet er marin strandavsetning, samanhengande dekke.

Det er synleg fjell i dagen i fjøra og langs kommunevegen.

I NVE Atlas ligg planområdet innanfor aktsemdsområde for kvikkleireskred.



Figur 13 Lausmasse i og ved planområdet er marin strandavsetning. Kjelde NGU.



Bilete 3 Fotodokumentasjon av fjell i dagen innanfor planområdet. Foto B. Friisvold.

### 6.16 Radon

Det er låg til moderat fare for radon i og ved planområdet, jamfør aktsemdskart for radon frå NGU.

### 6.17 Bekk/elv

Det går bekk gjennom sørleg del av planområdet, denne er synt med aktsemdsområde for flaum i NVE Atlas. Det er gjennomført flaumvurdering av området.




Figur 16 Aktsemdsgrad radon ved planområdet er moderat til låg. Kjelde NGU.

### 6.18 Overvatn

Grovmaska kartlegging av nedbørsfeltet er synt i Figur 14 ut i frå koter i kartet.



Figur 15 Aktsemdsområde for flaum ved bekk som går gjennom planområdet. Kjelde NVE Atlas,



Figur 14 Nedbørsfeltet til planområdet.

### 6.19 Stormflo/ havnivåstigning

Det er utarbeidd grunnlag for stormflo som ligg på Havnivå i kart. Ny rettleiar [Havnivåstigning og høge vasstandar i samfunnsplanlegging](#) kjem med desse råda:

- For tiltak i tryggleiks klasse F1 blir det tilrådd å leggje til grunn gjentaksintervallet for stormflo – 20-årshending, kote 1,7 m (NN2000).
- For tiltak i tryggleiksklasse F2 blir det tilrådd å nytte eit klimapåslag for auka havnivå som tilsvarar prognosane for år 2100, kote 2,6 m (NN2000).

For begge tryggleiksklassane må det leggjast på bølgehøgde på 1,0 m for trygg byggjehøgde for stormflo.




Figur 17 Oversikt nivå for 200 års stormflo i år 2100. Kjelde Kartverket.

Figur 17 syner 200 års stormflo i år 2100, men utan påslag for stormbølger.

### 6.20 Skred

Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred i bratt terreng, jord- og flaumskred, jamfør sjekk i NVE Atlas.



Figur 18 Oversikt over aktsemdområde for skred i bratt terreng ved planområdet. Kjelde NVE Atlas.

### 6.21 Fjellskred

Det ustabile fjellpartiet Åknes ligg på vestsida av Sunnlyvsfjorden i Stranda kommune. Eit skred for heile det ustabile fjellpartiet er vurdert å ha eit volum på om lag 18 mill. m<sup>3</sup>, og vil medføre flodbølge som vil råke planområdet. Figur 19 syner omfanget av tsunami frå fjellskred ved Åknes for tryggleiksklasse S2



Figur 19 Utsnitt som syner faresone for tsunami med sannsyn 1/100 - 1/1000 (orange line), faresone 1/1000 - 1/5000 (gul line) og sannsyn mindre enn 1/5000 (grøn line). Kjelde NVE Atlas.

(oransje line) og tryggleiksklasse S3 (gul line). Trygg byggjehøgde for tryggleiksklasse S2 i høve fjellskred er kote 1,7 m (NN2000). Kommunen har her tatt utgangspunkt i 1 meter for Hundeidvik i NGI sin rapport frå 2011. I tillegg er det lagt på havnivåstigning med klimapåslag frå rapporten «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to 2100», med utgangspunkt tala frå Havnivåstigning og stormflo 2016.

Dette gir eit tillegg på 75 cm. Det er så trekt frå 6 cm for å korrigere tala til NN2000.

## 6.22 Klimaprofil

[Klimaprofilen](#) gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Møre og Romsdal. Konklusjon frå klimaprofilen som gjeld planområdet er:

Vesentleg auke:

- Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst. Dette vil føre til meir overvatn.
- Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elvar må ein vente ei auke i flaumvassføringa.
- Auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred som følge av auka nedbørsmengder.
- Som følge av havnivåstigning er det venta auke i stormflo nivåa.

Mogleg vesentleg auke:

- Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperatur og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren.
- Kortare sesong for islegging, hyppigare vinterisgangar, og høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten.
- Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område.

Sannsynleg uendra eller mindre:

- Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.

Usikkert

- Truleg lita endring i sterk vind.
- Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av steinsprang og steinskred, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar.
- Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.

## 6.23 Forureining

Støy

Det er ikkje støyande tiltak i eller ved planområdet. Med låg fartsgrense og moderat trafikk langs Kursetstranda, vert det vurdert at det ikkje vil vere vegstøy til sjenanse.

### Luft

Med låg fartsgrense og lite trafikk vil det ikkje bli forureining til luft frå trafikk. Det er ikkje andre kjelder til luftforureining i området.

### Lys


Normal lysbruk i dette området vert ikkje sett på som forureining sidan planområdet ligg i eit spreidd bygd område.

### Grunnen

Det er ikkje registrert forureining i grunnen etter utsjekk i Miljødirektoratet si kart løysing for grunnforureining.

## 6.24 Klimagassutslepp

Oversikt over klimagassutslepp for Sykkylven kommune siste åra fordel på ulike sektorar.



Figur 20 Oversikt klimagassutslepp for ulike sektorar. Kjelde Miljødirektoratet.

## 6.25 Privatrettslege bindingar

Tiltakshavar har hand om areal, avtale med andre grunneigarar om areal innanfor planområdet der det blir lagt opp til utbygging.

## 6.26 Næring

Planen vil opne for utleigehytter, som kan gje positive ringverknadar for området.

## 6.27 Analyser/ utgreiingar

Det blir gjort fagutgreiing i høve flaum, jord- og flaumskred. I tillegg er det gjort vurdering i planomtalen om grunnforhold, stormflo og trafikk.



## 7.6 Arealformålmotale

### Utleiehytter - UTL

Planen legg til rette for utbygging av utleiehytter i strandsona, for to areal på til saman 1,5 daa. 8 bygg er planlagt med ein etasje, delvis bygd på pælar, delvis inn i terreng, for å redusere terrenginngrep. «Underetasje» kan nyttast til bod for oppbevaring av tilbehør til utleiehytte, til dømes kajakk. Bygga er planlagt med storleik 25 m<sup>2</sup> BRA og 40 m<sup>2</sup> BRA. Desse bygga skal ha lik utforming og moderne uttrykk.

På restar av naust er det planlagt utleiehytte på 50 m<sup>2</sup> BYA, med full underetasje, på gbnr. 51/24. Bygget skal utformast likt med dei andre utleiehyttene, bortsett frå at det blir full etasje under budelen til bod. På grunn av tiltak mot stormflo, må bod utformast og dimensjonert for å tole kreftene frå stormflo.

Langs kommunevegen blir det lagt opp til å lage til turveg, for tilkomst mellom parkeringsplassane og tilkomst til hyttene. Austre del av utleiehyttene avgjer høgde på bygget, og må liggje på høgde med turveg for å få best mogleg tilkomst til hyttene.

Mellom dei ulike utleiehyttegruppene skal vegetasjonen bestå, det kan berre gjerast enkle tiltak som tynning og beskjerjing, slik at utleiehyttene står fritt for vegetasjon.

Det vert sett krav om ein biloppstillingsplass per utleiehytte, men det regulert plass til fleire biloppstillingsplassar.

Det skal opparbeidast ein tursti frå kommunevegen (parkeringsplass) til strandsona, denne skal utformast slik at den er naturleg å bruke for alle, og leggast med størst mogleg avstand frå utleiehyttene. Det blir sett som rekkjefølgjekrav i

føresegnene, at denne må opparbeidast før det kan gjevast bruksløyve for nye utleiehytter. Turstien vil ikkje bli universelt utforma, til det er terrenget for bratt og dersom stien skulle vere universelt utforma måtte det gjerast store inngripande terrenginngrep.

Regulert byggjegrænse frå senter kommuneveg er 8 m, 0,5 m langs formålet mot sjø og 2 m til nabogrenser.

Del av formålet ligg innanfor faresone for flaum, både for bekk og havnivå. Før det kan byggjast innanfor faresona, skal det gjerast avbøtande tiltak som sikrar tiltaket mot flaum. Del av utleiehytter som ligg innanfor flaumsone for stormflo, vil liggje høgare enn krav til høgde for stormflo, men dersom pålar/stenderar kjem innanfor flaumsona, skal desse prosjekterast for å tole stormflo og bølgepåverknad. Det vert sett krav om at minst 10 % av utleiehyttene skal vere universelt utforma, inklusiv tilkomst.

Det blir opna for at det kan opparbeidast pumpekum for spillvatn innanfor formålet, med sjølvfall til pumpekum, og pumpeleidning til kommunal spillvassleidning.

### Uthus, naust, badehus – UNB

Naust vert definert som bygg for oppbevaring av mindre båtar, fiskereiskap, båtutstyr og anna utstyr for fritidsbruk. Naust skal ikkje byggjast, isolerast eller innreiast som overnattingsstad.

Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvistar eller andre takopplett, balkong, karnapp eller liknande fasadeelement. Samla vindaugsflate kan maksimalt utgjere 3 % av grunnflata.



Figur 22 Plankart med flyfoto frå 2024 under.

Eksisterande naust blir vidareført, det blir ikkje opna for nye naust innanfor planområdet.

Veg – o\_V

Kommunevegen blir regulert til offentleg veg, med breidde 4 m.

Vertikal- og horisontal geometri bli vidareført som bygd. Det blir ikkje lagt opp til tiltak på kommunevegen.

Annan veggrunn – o\_AVT

Langs kommunevegen blir det regulert annan veggrunn, for å ta opp høgdeforskjellar, teknisk infrastruktur, snølager, grøft med meir.


Det er regulert med breidde 1,5 m på begge sider kommunalveg, dette er om lag slik eigedomsgrensene ligg på sjøsida av vegen.

Molo - MO

Eksisterande molo/vor blir regulert om lag som bygd. Innanfor formålet kan det gjerast tiltak for utbetre og vedlikehalde molo/vor.

Parkering – P

Det blir sett av to parkeringsplassar i kvar ende av planområdet med inntil 13 plassar, ein for kvar utleiehytte og naust, i tillegg til gjesteparkering. Det blir sett krav om ein HC-parkingsplass av



Figur 23 Tidevassnivå for Hundeidvika. Kjelder Kartverket.

desse. Det blir planlagt å opparbeide turveg på sørsida av kommunevegen mellom parkeringsplassane, for leggje til rette for tilkomst til utleiehytter, naust og strandsona.

For begge parkeringsplassane må det murast mot vest, mot nord for f\_P2 og mot sør for f\_P1. Muring vil delvis bli skjult av vegetasjon og utleiehytter.

#### Blågrønstruktur – BG

Areal sett av til ferdsel i strandsona. Innanfor formålet skal det ikkje gjerast tiltak som hindrar ferdsel. Det blir opna opp i føresegnene for at det kan gjerast tiltak for å sikre naust og molo/vor mot stormbølger, vedlikehald av støypt stø og molo. Vedlikehald av stø skal avgrensast til inntil 3 m breidde framfor naust, ned til kote -0,92 m (NN2000), middel spring lågvatn. Behov for støyting av stø blir grunngeve med at området er vêrhardt, og dersom det ikkje blir

gjort vedlikehaldstiltak vil sjøen grave ut terrenget.

Vegetasjonen innanfor formålet kan tynnast/beskjerast slik at utleiehyttene får utsyn utover fjorden.

#### Turveg – TV

Det blir regulert inn turveg langs naustformål for å sikre tilkomst til molo. Innanfor formålet kan det gjerast tiltak for å lette tilkomsten. Dette må sjåast i samanheng med ferdsel elles i strandsona i området. Krav om tilkomst frå kommunevegen bør kome i austenden av turvegen.

#### Areal for nødvendige tiltak for landbruk – LNF

Det er teke med areal langs kommunevegen i begge endar av planområdet for å sikre friskt til utkøyring frå parkeringsplassane. Formålet er i samsvar med overordna arealbruk i framlegg til kommuneplanen sin arealdel, som har vore ute på offentlig ettersyn, utan motsegn til endra arealbruk. Innanfor frisktsona skal det ikkje vere sikthinder over 0,5 m over vegplanet til kommunevegen.

#### Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona – BSV

Innanfor BSV er det ikkje opna for bygnings- eller anleggstiltak utover tilrettelegging for bruk av naust med tiltak i strandsona; tilkome/tilflott og støyting av stø ned til kote -0,92 m (NN2000), avgrensa til inntil 3 m breidde framfor naust. Stø blir her definert som skrånande betongdekke på grunnen. Dette er gjort for eksisterande naust i området. Innanfor formålet kan det nyttast maskiner for vedlikehald av areal mellom sjø og naust.

Omsynssone  
Frisikt – H140

I frisisiktsoner er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og plantning o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over primærvegen sitt vegplan. Enkeltstående høgstamma tre, stolpar og liknande kan stå innanfor sona. Frisiktsone vil legge avgrensingar på regulert LNF-formål på begge sider av planområdet langs kommunevegen.

Fare skred i bratt terreng

Det er gjennomført skredfarevurdering for aktsemdsområde jord- og flaum skred. Skredfarevurderinga har konkludert med at faren for skred er mindre enn 1/1000 for heile planområdet. Det blir difor ikkje lagt inn faresoner for skred i bratt terreng innanfor planområdet.


Det er ikkje opna for tiltak i tryggleiksklasse S3, fare for skred mindre enn 1/5000 innanfor planområdet.

Sekundærverknad fjellskred (H310) flodbølge

Delar av planområdet ligg innanfor område som vil vere utsett for sekundærverknad av fjellskred frå Åkneset. I utgangspunktet kan det ikkje byggjast under kotehøgde 1,7 m for tiltak etter tryggleiksklasse S2 i TEK 17 § 7-4, som er dimensjonerande høgde for sekundærverknad frå fjellskred for Åkneset. Om ein skal plassere eit tiltak som er i tryggleiksklasse S2 med topp golv under den dimensjonerande kotehøgda, skal tiltaket dimensjonerast for å tole sekundærverknad av fjellskred med

nominell årleg sannsyn 1/1000. Dokumentasjonen skal liggje føre ved byggesaka.

Kommunen har her tatt utgangspunkt i 1 meter for Hundeidvik i NGI sin rapport frå 2011. I tillegg er det lagt på havnivåstigning



Figur 24 Kart som syner samla skredfare og dimensjonerande skredfare for planområdet. Kjelde Utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng for 3 reguleringsplaner langs Kursetstranda og Nygårdsstranda, Hundeidvik

med klimapåslag frå rapporten «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to 2100», med utgangspunkt tala frå Havnivåstigning og stormflo 2016. Dette gir eit tillegg på 75 cm. Det er så trekt frå 6 cm for å korrigere tala til NN2000.

Omsynssona i plankartet er lagt på kote 2 m, sidan der er vanskeleg å få lagt den på kote 1,7 m (NN2000).

Planen opnar ikkje for tiltak i tryggleiksklasse S3 innanfor planområdet.

#### Flaum (stormflo) – H320\_1

Dimensjonerande byggjehøgde for tiltak i tryggleiksklasse F2 er stormflo med største årlege sannsyn 1/200 i år 2100, jf. TEK 17 § 7-2, er kote 2,6 m. Dette er utan bølgepåslag. Bølgehøgde for stormbølger i dette området vert vurdert å vere 1,0 m, jamfør flaumrapport.

Dimensjonerande byggjehøgde for tryggleiksklasse F2 blir kote 3,6 m (NN2000). Om ein skal plassere eit tiltak som er i tryggleiksklasse F2 med topp golv under den dimensjonerande kotehøgda, skal tiltaket dimensjonerast for å tole stormflo med nominell årleg sannsyn 1/200 i år 2100 og stormbølger.

Dimensjonerande byggjehøgde for tiltak i tryggleiksklasse F1 med største årlege sannsyn 1/20, jf. TEK 17 § 7-2, er kote 1,7 m. Dette er utan bølgepåslag. Bølgehøgde for stormbølger i dette området vert vurdert å vere 1,0 m. Dimensjonerande byggjehøgde for tryggleiksklasse F1 blir kote 2,7 m (NN2000). Om ein skal plassere eit tiltak som er i tryggleiksklasse F1 med

topp golv under den dimensjonerande kotehøgda, skal tiltaket dimensjonerast for å tole stormflo med nominell årleg sannsyn 1/20 og stormbølger.


Planen opnar ikkje for at det kan førast opp tiltak i tryggleiksklasse F3 innanfor planområdet.

Dokumentasjonen skal liggje føre ved byggesaka.

Omsynssone i plankartet gjeld for tiltak i tryggleiksklasse F2.

#### Flaum (bekkar) – H320\_2

Del av planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaum. Det er gjennomført flaumfarerapport, og det er lagt inn faresoner for



Figur 25 Utsnitt av plankartet for flaumsone langs kommunevegen sør i planområdet.

flaum, der det ikkje skal førast opp tiltak. Under omsynssonene er det lagt inn blågrønnstruktur. Innanfor desse omsynssonene er det lagt opp til at det ikkje skal gjerast avbøtande tiltak mot flaum.

Flaum (bekkar) – H320\_3

Faresone for flaum frå flaumfarer rapport der det er lagt opp til avbøtande tiltak for å kunne ta i bruk arealet til utbyggingsformål. Jamfør vedlagt flaumfarer rapport kan ein fjerne nordleg faresone (H320\_3a) ved å:

- leggje nytt 800 mm røyr gjennom kommunevegen ved faresone H320\_3 i sør
- fjerne stikkveite ovanfor faresona H320\_3

Det blir sett rekkjefølgjekrav om at før faresone H320\_3 kan fjernast skal desse tiltaka vere gjennomført, og dokumentert i samband med byggjesøknad for utleigehytter innanfor faresona.

For sørleg faresone H320\_3b vert det sett krav om at før denne kan fjernast må det leggjast 800 mm røyr gjennom kommunevegen og forbi formål UTL2, for å hindre erosjon innanfor UTL2. Stikkveita blir forlenga for å få plass til biloppstillingsplassar. Det blir brattare heling på røyrret, slik at det vil få tilstrekkeleg kapasitet.

Juridiske grenser

Byggjegrænse

Byggjegrænse mot kommuneveg er sett til 8 m frå senterline.

For UTL1 mot sjø er byggjegrænse lagt 0,5 m langs formålsgrense. For UTL2 følgjer byggjegrænse formålsgrense. For UNB følgjer byggjegrænse takutstikk eksisterande bygning.

Frisiktline

Frisiktline i plankartet er dimensjonert etter handbok N100.

Frisikt for kommunevegen er dimensjonert etter vegtype, fartsgrense og ÅDT. Med ÅDT estimert til under 50 køyretøy frå kvar avkøyrsløse til kommunevegen, fartsgrense 50 km/t og vegtype øvrig lokal vegar vert stoppsikt 45 m, med sikt trekant 4 x 45 m.

## 7.7 Utvikling av planområdet

Etter at planen er vedteken blir det starta opp utbygging av området, usikkert per no om heile området blir bygd ut samtidig eller om det blir gjort stegvis utbygging.

## 7.8 Plassering av bygningar og utforming

Alle bygningar skal plasserast innanfor regulert byggjegrænse. Murarar og mindre tiltak kan plasserast uavhengig av byggjegrænse innanfor utbyggingsformål, så lenge det ikkje medfører trafikkfare eller gjev utfordringar med vegvedlikehald.

## 7.9 Utnytting/byggjehøgde

Høgde bygningar

På grunn av sidehellande terreng, planlegging med fleire nye bygg med langside vinkelrett på kotene og ønske om å minst mogleg terrenginngrep for utleigehyttene, blir det lagt opp til at desse må stå heilt eller delvis på pælar. Bu- og opphaldsdelen av

utleiehyttene vil vere ein etasje, men det blir opna for bod under denne, for del av arealet. Hovudetasjen skal ha høgde på inntil 3 m, med bod på inntil 2,5 m, slik at maksimal høgde på sjølve bygget blir 6,0 m, inklusiv bod under hovuddelen. I bakkant må bygget tilpassast terrenget, men for sjøfronten må det bli pælar på fleire meter for å ta opp høgdeforskjellane i terrenget.



Figur 27 Lokalisering av gbnr. 51/24.



Figur 26 Mogleg plassering av nye utleiehytter og biloppstillingsplassar.

Det er eit nytt bygg som ikkje skal stå på pælar, det som er planlagt plassert over restar etter naust, på gbnr. 51/24, byggjehøgde for dette bygget vert sett til maksimal gesims 6,0 m over gjennomsnittleg terreng. Underetasje skal nyttast til lager/bod, medan 2. etasje skal nyttast til utleigehytte. For naust er byggjehøgde sett til mønehøgde 5,0 m, målt på gavelvegg som vender mot sjø.

Høgde på hovudetasje og bod for utleigehytter skal i samband med byggjesøknad synast med målsette illustrasjonar og plassering i terreng.

#### Grad av utnytting

Det blir sett maksimal BYA (Bygd areal) på inntil 50 m<sup>2</sup> for UTL-formålet. Det er eit bygg som er planlagt så stort, nytt bygg på gbnr. 51/24. Dei andre nye bygga er planlagt med BYA på mellom 25 til 40 m<sup>2</sup>. Det vert nytta BYA sidan bygga vil vere over 2 etasjar inklusiv bod. Det blir sett krav om at det skal vere bod i underetasje.

For formål naust er maksimal utnytting 50 m<sup>2</sup> BRA, eksisterande naust er avgrensa med byggjegrense til 50 m<sup>2</sup>.

#### Tal nye bygningar

Det blir opna for 8 nye bygningar innanfor planområdet, i tillegg til eksisterande naust.

### 7.10 Bumiljø/ bukvalitet

Store delar av året vil det vere gode soltilhøve ved området. Det blir lagt opp til parkeringsplassar med gangveg til hyttene og strandsona/molo. I fjøresona blir det ikkje lagt opp til privatiserande tiltak, og vil vere open for ferdsel, med tilkomst frå kommuneveggen.

### 7.11 Uteopphaldsareal

Behov for uteopphaldsareal blir stetta med tilgang til fjøresona. Det blir ikkje sett krav om uteopphaldsareal.

#### Turvsti

Det er sett krav i føresegnene om at det skal opparbeidast tursti slik at det skal vere mogleg å gå frå kommuneveggen og ned til fjøresona, og den skal leggjast slik at den innbyr til bruk for alle, også dei som ikkje skal nytte utleigehyttene. Eksisterande tilkomst til naustet er naturleg å vidareføre til dette formålet. Det blir ikkje sett krav om universell utforming av tursti på grunn av bratt terreng.

### 7.12 Universell utforming

Det er krav om at 10 % av utleigeeiningane skal vere universelt utforma, med blant anna krav til tilkome, areal, romhøgde og god planløyning som sikrar tilgang for alle, uavhengig av alder eller funksjonsevne. Resterande utleigehytter bør leggjast best mogleg til rette for at flest mogleg kan nytte desse. Tursti/tilkomst til utleigehyttene bør ha ei breidde på inntil 2 m, medan tursti til strandsona bør ha ei breidde inntil 1 m.

Krav om tursti frå kommuneveg til strandsona vil ikkje vere råd å utforme universelt utan store terrenginngrep, det blir ikkje sett krav om universell utforming av tursti. Turstien bør opparbeidast slik at flest mogleg kan bruke vurdert opp mot kostand og terrenginngrep.

### 7.13 Rekreasjon/friluftsliv

Ved utbygging innanfor planområdet skal det leggjast vekt på at området framleis skal vere tilgjengeleg for ålmenta i strandsona. Planen opnar ikkje for tiltak som privatiserer strandsona, det er regulert samanhengande areal for å lette ferdsel gjennom fjøresona, og det er sett krav om tilkomst gjennom planområdet frå kommunalveg til fjøresone som alle kan nytte.

### 7.14 Barn og unge

Barnetrakk

Det er ikkje gjennomført barnetrakk i området.

Oversikt leikeareal kring planområdet

Det er ikkje opparbeidd leikeareal i nærområdet. Det blir ikkje lagt til rette spesielt for barn og unge innanfor planområdet, men det vil vere tilgang til strandsona og sjørelaterte aktivitetar.

### 7.15 Estetikk

Det blir lagt opp til variasjon utforming av bygningsmasse innanfor planområdet, med ei todeling. Utleiehytter blir planlagt med eit moderne uttrykk i høve materialbruk og utforming. Medan naust skal utformast mest mogleg i tråd med lokal byggeskikk og tradisjon, slik det er bygd.

### 7.16 Folkehelse

Det blir lagt til rette for trygge avkøyrslar med god sikt, og formalisering av biloppstillingsplassar, krav om tursti til fjøresona frå kommunal veg og set krav om at ikkje strandsona skal privatiserast.

I tillegg er det krav om at 10 % av utleiehyttene skal vere universelt utforma.

### 7.17 Sol / skugge analyse

Det blir er ikkje utført ei sol/skugge analyse. Planområdet vil ha gode solforhold ettermiddag/kveld, spesielt om sommaren. Eksisterande og nye bygningar innanfor planområdet ligg lågare og så langt frå bustadar/fritidsbustadar bak planområdet at det ikkje vil få konsekvensar.

### 7.18 Teknisk infrastruktur

Tilknytning vatn

Det ligg vassleidning parallelt med kommunevegen nord for planområdet, Ø 110 mm. Bustadar og fritidsbustad aust for planområdet har vatn frå Ø32 mm leidning. Det må førast ned leidning med større kapasitet for planområdet. Dimensjonerande vil vere brannvatn. I VAO-planen er det skissert mogleg trase for Ø 110 mm leidning rett ned frå eksisterande ø 110 mm leidning til midten av planområdet. Alternativt kan denne plasserast langs spillvassleidning lenger nord.

Vasskvalitet drikkevatt


Hundeidvik Vassverk BA er godkjent av Mattilsynet og har

tilfredsstillande vasskvalitet.

### Avløp

Det blir planlagt å kople seg til kommunal spillvassleidning som går til sjø nord i planområdet. Spillvassleidningar frå kvar enkelt

utleiehytte blir lagt med sjølvfall til pumpekum i nærområdet til utleiehytte på gbnr. 51/24, og pumpa opp til kommunal slamavskiljar.



Figur 28 Mogleg utbygging av nye VAO-leidningar, synt med stipla liner, og ny brannventil, synt med raud sirkel. Figur henta frå VAO-plan.

### Brannvatn

Det må leggjast Ø 110 mm vassleidning ned til planområdet, og leggjast til rette for brannventil ved kommuneveggen. Dette blir sett som krav før ein kan få bruksløyve for nye utleiehytter.

### El.

Det er ført fram straum til planområdet, men etter kontakt med Straumen-nett, er det oppdaga at det ikkje er kapasitet til planlagt utbygging. Dett kan løysast med ei enkel oppgradering der ein forsterkar luftlinja frå nettstasjonen. Planen opnar for at det kan nyttast solcelle på tak og veggjar.

### Fiber

Det kan leggjast fiber i turvegtrase langs kommuneveggen.

### Avfallshenting

Det må opprettast ny avtale om næringsavfall frå området. Både ved P1 og P2 vil det vere plass til avfallsdunkar.

### 7.19 Trafikkløysing

#### Tilkomst

Tilkomst er frå kommunal veg, med utviding og utbetring av eksisterande avkøyrslar/parkeringsplassar.


Med å utvide parkeringsplassane vil ein få desse så djupe at det vil vere råd å snu på regulert parkeringsplass, så ein får ryddigare og sikrare avkøyring til kommunevegen. Det blir sett rekkjefølgjekrav om opparbeiding av parkering og avkøyrslar til kommunevegen før det kan gjevast byggjeløyve for nye bygningar innanfor planområdet.

#### Bredde og stigningsforhold avkøyrslar

Breidde på avkøyrslar er 5 m, som blir større på grunn hjørneavrunding 4 m radius. Avkøyrslar og parkeringsplass skal ha fall vekk frå kommunevegen, må følgje vertikal linjeføring til handbok N100, dette vil også redusere noko behov for høgde på mur mot sjø langs parkeringsarealet. Det må setjast opp fysisk barriere mot høge skråningar.

#### Trafikk estimering

Estimert trafikk frå planområdet er (8 einingar x 3 turar per dag x 70 % belegg) ÅDT 17 køyretøy.



Figur 29 Markering av frisktline og omsynssone friskt for avkøyrslar til P1.

### Frisikt – dimensjonering

Kommunevegen vert vurdert å liggje i dimensjoneringsklasse Øvrige lokalvegar, med stoppsikt 45 m i N100 Veg og gateutforming. Avkøyrslene til offentlig veg med ÅDT under 50 køyretøy og 50 km/t har krav til  $L_s$  på 4 m. Dimensjonerande siktrekant blir 4 x 45 m for avkøyrslene til kommunevegen.

### Beskrive avvik frå vegnormalen

Det blir ikkje lagt opp til avvik frå vegnormalen.

### Krav til samtidig opparbeiding


Det blir ikkje sett krav til samtidig opparbeiding av tiltak.

### Varelevering

Eventuell varelevering vil kunne nytte avkøyrslene til stopp.

## 7.20 Parkering

Det blir sett krav til minst ein biloppstillingsplass per utleiehytte/naust. Det er i tillegg lagt til rette for 4 gjestebiloppstillingsplassar. Ein av desse biloppstillingsplassane skal vere utforma som HC-plass.



Figur 30 Oversikt over planlagde tiltak innanfor planområdet sett frå vest. Planområdet er synt med grå stipla line.

## 7.21 Kollektivtilbod

Næraste busshaldeplass er ved ferjekaia, omlag 700 m frå planområdet. Lite truleg at det blir nytta buss som tilkomst til planområdet.

## 7.22 Mjuk ferdsel

Ei estimert auke i trafikk langs Kursetvegen med ÅDT 17 køyretøy, med størst trafikk i helger, vil medføre små negative konsekvensar for dei som nyttar vegen som skuleveg. Kursetstranda er oversiktleg, har låg fartsgrense og er smal, så den innbyr ikkje til høg fart.

### 7.23 Sosial infrastruktur

Planlagde tiltak vil ikkje påverke sosial infrastruktur.

### 7.24 Planlagde offentlege anlegg

Det blir ikkje planlagt offentlege anlegg. Det kan bli aktuelt å leggje om utslippsleidning i samband med opparbeiding av parkeringsplass. I tillegg må det førast fram vassleidning til planområdet.

### 7.25 Eigedomssinngrep

Eigarar innanfor planområdet er einige om planlagde tiltak innanfor planområdet.

### 7.26 Verneområde

100-metersbeltet mot sjø/vassdrag

Planområdet ligg innanfor 100-meter beltet mot sjø. Arealbruken er avklart i framlegg til ny kommuneplan, der området er lagt ut til fritids- og turismeformål.

Vern etter naturmangfaldlova

Planområdet kjem ikkje i konflikt med verna areal etter naturmangfaldlova.

### 7.27 Miljøoppfølging

Miljøtiltak

Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller ved planområdet, ikkje behov for miljøtiltak.

### 7.28 Landbruk

Tilkomst utmark/innmark

Planen vil ikkje medføre endring av tilkomst til utmark/innmark.

Omdisponering

Planen legg ikkje opp til omdisponering av dyrka mark.

### 7.29 Kulturminne og kulturmiljø

Planen kjem ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne. Nyare tids kulturminne restar etter SEFRAK-registrert naust vert ikkje sett på kulturminne som bør takast vare på, til det er kulturminnet for øydelagt, og det er i tillegg i ikkje sett på som viktig å ta vare på restar etter naust i dette området. Det vert planlagt å føre opp utleigehytte over restar av naust.

### 7.30 Grunnforhold

Planområdet ligg under marin grense. Det kan dokumenterast fjell i dagen fleire stadar innanfor planområdet, og ovanfor planområdet. Det er utarbeidd kart som syner fjell i dagen, dokumentert med bilete, vedlagt som eige dokument til saka. Oversiktskart og nokre bilete er synt i Figur 31 til Figur 35.

### 7.31 Klimatilpassing

Konsekvensar i høve klimaendringar vil vere auka nedbør, både intensitet og hyppigheit, og stormflo.

Det blir sett krav i føresegnene om at vassvegar for overvatn skal dimensjonerast med 40 % klimapåslag.



Figur 31 Oversikt over stadar med fjell i dagen i og ved planområdet. Tal refererer til bilete.



Figur 32 Bilete av posisjon 3.



Figur 35 Bilete av posisjon 4.



Figur 33 Bilete av posisjon 7.



Figur 34 Bilete av posisjon 8.

### 7.32 Overflatevatn

Nedbørsfeltet for planområdet er vurdert til å vere lite. Terrenget ovanfor planområdet stig oppover, men er utforma slik at overflatevatnet blir leia til bekkar når det kjem ned til planområdet. Bustad og hytte rett ovanfor planområdet leiar vatnet til desse bekkane, saman med grøfter langs kommunevegen, slik at det er lite overflate vatn som vil nå planområdet ovanfrå.

Overflatevatn innanfor planområdet kan førast direkte til sjø, ikkje behov for dryging.

### 7.33 Elv/bekk

Flaum

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Det er gjennomført flaumvurdering og lagt inn faresoner for flaum. Med avbøtande tiltak kan flaumsone med utbyggingsareal under fjernast, og areal takast i bruk til regulert tiltak.

Det er i fellesføresegnene opna for at det utførast erosjonssikring langs bekkane innanfor planområdet.

Allmenne interesser

Bekke ligg ikkje innanfor område som er verna eller har utvalde naturtypar knytt til seg innanfor eller like ved planområdet.

Det er ikkje gjort arkeologisk registrering innanfor planområdet, det vart ikkje stilt krav om det frå fylkeskommunen. Det er ikkje automatisk freda kulturminne i eller like ved planområdet som blir påverka av tiltak etter planen som ligg langs bekkane.

Etter sjekk i Naturbase og Artsdata er det ikkje registrert arter knytt til bekkane som er raudlista.

Områda langs bekkane er ikkje lett tilgjengeleg, men ligg som, fritidsbustad og skogsmark, det er truleg lite ferdsel i området. Det er ikkje registrert at det har vore flaum som har gjeve konsekvensar for omgjevnaden til bekkane, det er gjennomført flaumvurdering med krav om tiltak for å kunne utnytte planområdet betre.

Det vert planlagt å forlengje kulvert gjennom kommunevegen for å få betre utnytting av arealet langs kommunevegen.

Bekke innanfor planområdet ligg ikkje i område utsett for skred i bratt terreng, og er heller ikkje utsett for områdeskred.

Samla sett blir det vurdert at tiltaka ved bekkane som planen legg opp til vil gje små konsekvensar for allmenne interesser langs den delen av bekkane som ligg innanfor planområdet.

### 7.34 Vassmiljøkvalitet

Vassforvaltningsplan

Planområdet ligg ved vassførekomst Hjørundfjorden, Id [0301020400-C](#), kystvatn. Miljømål for vassførekomsten er god for både økologisk og kjemisk, det er ikkje knytt risiko til denne. Miljøtilstand økologisk er god, kjemisk er udefinert.

Utbygging etter planen vert vurdert til å gje små negative konsekvensar for vassførekomsten. Utslepp skal koplast til kommunalt leidningsnett.

### 7.35 Forureining

#### Støy

Planområdet vert ikkje påverka av støyande verksemd, det er lite trafikk og låg fartsgrense langs kommunevegen, det er ikkje anna arealbruk som genererer støy i området. Utbygging etter planen vil gje lite støy, og berre i avgrensa tidsrom.

#### Forureining i grunnen

Utbygging etter planen vil ikkje gje forureining til grunnen.

#### Lys

Lys i dette området vert ikkje sett på som forureining, det spreidd busetnad ved planområdet.

#### Luft

Det er vil ikkje bli forureining til luft ved utbygging eller bruk av planområdet.



Figur 36 Avgrensing av vassførekomst Hjørundfjorden. Kjelde Vann-nett.

### 7.36 ROS

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova, utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, er gjennomgått og kommentarar i den er lagt inn under med eventuelle avbøtande tiltak, og nytta som grunnlag for ROS-analyse:

Skred - Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Det er gjennomført skredfarevurdering som syner at det ikkje er skredfare, det er ikkje faresoner innanfor planområdet. Planområdet er klarert for tiltak i tryggleiksklasse S2.

Flodbølge - Flodbølge frå Åkneset vil nå planområdet. For tiltak i tryggleiksklasse S2 kan det ikkje byggjast under kote 1,7 m. Byggjehøgde for flaum etter havnivåstigning og stormbølgehøgde kjem over dette nivået.

Kvikkleire - Planområdet ligg under marin grense, men det er dokumentert fjell i dagen i og ved planområdet, jamfør bilete 3 i planomtalen.

Flaum - Det går to mindre bekkar gjennom/ved planområdet. Det blir sett krav om ved dimensjonering av nye vassvegar skal det leggjast på 40 % klimapåslag. Det er opna for erosjonssikring av bekkane i føresegnene.

Stormflo - Det er sett krav til minste byggjehøgde for naust og utleigehytter, som inkluderer havnivåstigning og stormbølger for tiltak i tryggleiksklasse F1 og F2. For tiltak i tryggleiksklasse F1 er minste byggjehøgde kote 2,7 m og F2 kote 3,6 m (NN2000). Bygg og tiltak under respektive tryggleiksklasse må dimensjonerast for å tole havnivåstigning og stormbølger.

Klimaendringar - Klimaendringar vil medføre meir overvatn og høgare havnivå. Det er sett krav til begge i føresegnene, høvesvis klimapåslag og byggjehøgde golv mot stormflo.

Omsyn til klimaendringar - Det er gjort vurderingar i planomtalen, og teke inn som krav i føresegnene om klimapåslag og byggjehøgde golv.

Konsekvensar av klima - Det blir sett krav om 40 % klimapåslag for dimensjonering av nye vassvegar for overvatn og nytta 200-årsflaum for 2100 + bølgehøgde høgde stormflo.

Forsvarleg overvasshandtering - Det blir lagt opp til forsvarleg overvasshandtering.

Forsyningstryggleik – Ikkje endring.

Sløkkjevatten - Det må førast fram ny vassleidning med auka dimensjon og brannventil til planområdet.

Sjekkliste ROS er vedlagt plandokumenta.

Det er utarbeidd ROS-analyse for temaa sekundærverknad av fjellskred frå Åknes, områdeskred, overvatn og stormflo basert på sjekklista.

### 7.37 Rekkjefølgjeføresegn

Det blir sett rekkjefølgjeføresegn:

- parkeringsplassar skal opparbeidast før utleigehytter kan førast opp.
- Krav om å leggje nytt overvassrøyr gjennom kommunevegen før det byggjast/gjerast tiltak innanfor omsynssonene H320\_3.
- Før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest for utleigehytter skal etablering av brannventil på Ø 110 mm vassleidningar vere montert.
- Krav om at det skal opparbeidast tursti frå kommunevegen til strandsona før det kan gjevast bruksløyve for nye utleigehytter.


## 8. Verknad/konsekvensar av planframlegget

### 8.1 Overordna planar

Planarbeidet er i samsvar med framlegg til overordna plan som har vore på offentleg ettersyn men ikkje vedteke endå. Det har ikkje kome motsegn til ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel eller merknadar til endra arealbruk.

### 8.2 Landskap

Det er planlagt terrenginngrep for parkeringsplassar og oppsetting små utleiehytter, begge deler vil medføre små konsekvensar for landskapet



Figur 37 3D av planlagde tiltak innanfor planområdet, sett frå sør.

### 8.3 Staden sin karakter

Området vil bli endra frå eit naust til utbygging av 8 utleiehytter og tilrettelegging for parkering.

### 8.4 Byform(bygdeform) og estetikk

Planen legg opp til utbygging i strandsona med utleiehytter som vil ha eit nytt uttrykk, små einingar med flatt tak og moderne utsjånad.

### 8.5 Kulturminne og kulturmiljø

Verneverdi

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller ved


planområdet. Nyare tids kulturminne, restar etter naust, vert vurdert til å ikkje vere verdt å ta vare på, murane er for øydelagt og naust er ikkje unikt for området.

Konflikt

Planen medfører ikkje konflikt med viktige kulturminne.

### 8.6 Naturmangfaldlova

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12 skal leggjast til grunn som retningsline ved utøving av offentleg mynde ved forvaltning av fast eigedom.



Figur 38 Utsyn frå hushjørne på gbnr. 51/17 mot vest, utan vegetasjon..

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er gjennomført sjekk av naturmiljø og naturmangfald i Naturbase og Artsdatabanken. Det er ikkje registrert lokal informasjon utover det som er registrert i Naturbase og Artsdatabanken om sårbare artar eller naturtypar i eller ved planområdet.

#### § 9 Føre var prinsippet

Med bakgrunn i registreringar og lokal informasjon er det ikkje grunn til å tru at det er nokon truga naturtype eller truga artar innanfor eller like ved planområdet. Føre var prinsippet vert tillagt mindre vekt i denne saka og det vert ikkje sett krav om nye opplysningar/registreringar knytt til naturmangfald.

#### § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Utbygging vil medføre nedbygging av grøntareal som er biotop for ulike artar. Utover dette er ein ikkje kjend med andre faktorar som vil ha negativ verknad på naturmiljøet i området. Samla belastning for økosystemet vil gje liten negativ verknad for sårbare eller truga artar/naturtypar som følgje av utbygging etter planen.

#### § 11 Kostnadar ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar

Ved eventuell miljøforringing skal kostnadane berast av tiltakshavar.

#### § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Ved utbygging av planområdet vil det verte nytta miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

### 8.7 Forureining

Utbygging etter planen vil gje lite forureining. Avløp frå utleigehytter skal koplatt til kommunal utslippsleidning nord i planområdet.

### 8.8 Rekreasjonsinteresser/ rekreasjonsbruk

Det blir ikkje bygd ned areal som er registrert nytta til rekreasjon. Det blir tilgjengeleg rekreasjonsareal i strandsona, med krav om

tilkomst frå kommunevegen til strandsona, og forbod mot tiltak som kan hindre ferdsel langs strandsona.

#### Uteområde

Det blir ikkje sett krav om opparbeiding av uteområde.

## 8.9 Trafikkforhold

### Vegforhold


Det blir ikkje lagt opp til endring av kommunevegen, vertikal og horisontal lineføring vert vidareført. Det blir lagt opp til å utvide eksisterande avkøyrslar i begge endar av planområdet for å leggje til rette for biloppstillingsplassar. Begge avkøyrslene ligg på oversiktleg rettstrekning.

### Trafikkauke/reduksjon

Utbygging av planområdet vil medføre trafikkauke langs Kursetstranda på om lag ÅDT 17 køyretøy, i all hovudsak korte køyretøy. Ei auke på om lag ÅDT 17 køyretøy vert vurdert til å ikkje på verke trafikktryggleiken nemneverdig for Kursetstranda.

### Kollektivtilbod

Kollektivtilbodet vil ikkje bli påverka av utbygging innanfor planområdet.



Figur 39 3D av planområdet sett ovanfrå frå nordaust.

### Avvik vegnormalen

Det blir ikkje lagt opp til avvik frå vegnormalane.

## 8.10 Mjuk ferdsel

Det blir ikkje gjort endringar på kommunevegen i høve mjuk ferdsel. Ei auke på ÅDT 17 køyretøy, i all hovudsak korte køyretøy, hovudsakleg helg, vil ikkje medføre noko særlege

negative konsekvensar for trafikktryggleiken langs Kursetstranda.

### 8.11 Barn og unge sine interesser

Det blir ikkje sett krav om spesielle tiltak for barn og unge i planen.

### 8.12 Sosial infrastruktur

Planen vil ikkje medføre konsekvensar for temaet.

### 8.13 Universell tilgjenge/tilgjenge etter TEK17

Sidan det blir regulert til utleigehytter blir det i føresegnene sett krav om at minst 10 % (ei utleigehytte) skal ha universell tilgang og utforming.

### 8.14 Energibehov – energiforbruk

Det blir ikkje lagt spesielle føringar for temaet, det er ikkje alternativ til straum som hovudenergikjelde. Det blir opna for at det kan nyttast solceller på vegg og tak av bygningar.

### 8.15 Jordressursar/landbruk

Planen vil ikkje gje konsekvensar for temaet.

### 8.16 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Det må først fram Ø 110 mm vassleidning frå eksisterande vassleidning aust for planområdet, med brannventil sentralt i hytteutleige området.

Spillvatn må først til kommunal spillvassleidning nord i planområdet.

Trafo

Det er ikkje nettstasjon i eller ved planområdet.

### 8.17 Oreigning

Etter vedtak av reguleringsplanen kan kommunestyret foreta oreigning til gjennomføring av reguleringsplanar som ikkje er eldre enn 10 år. Vilkår for oreigning er at inngrepet må tvillaust vere til meir gagn enn skade. Det som vil vere aktuelt å oreigne i denne planen er areal til teknisk infrastruktur; veg og annan veggrunn. Eventuell oreigning av areal til teknisk infrastruktur blir vurdert til vere av stor samfunnsnytte.

### 8.18 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planen vil ikkje medføre kostnader for kommunen.

### 8.19 Konsekvensar for næringsinteresser

Planen legg opp til ny næring i området, som vert vurdert å gje små negative konsekvensar for omgjevnaden.

### 8.20 Interesse motsetningar

Utbygging etter plan vil medføre nedbygging av strandsone, men ved regulering til utleigehytter vil fleire kunne nytte strandsona i dette området.

## 9. Avveging av verknadar






















Utbygging etter planen vil medføre nedbygging av strandsone, der det er lite bygd ut, men med utleigehytter vil det kunne vere mange som kan nytte området.


## 10. Avsluttande kommentar

Planen vil leggje til rette for utbygging av 8 nye utleigehytter i eit område som alt er delvis bygd ut. Planlagt arealbruk vert vurdert å gje små negative konsekvensar for omgjevnaden sidan det er små og relativt få utleigehytter som er planlagt.

## 11. Plankart

Ikkje målestokkrett

TEIKNFORKLARING	
<b>Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 §12-5 NR.1)</b>	
	Utleigehytter
	Uthus/naust/badehus
<b>Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §12-5 NR.2)</b>	
	Veg
	Annan veggrunn - tekniske anlegg
	Molo
	Parkering
<b>Reguleringsplan-Grøntstruktur (PBL2008 §12-5 NR.3)</b>	
	Blågrøntstruktur
	Turveg
<b>Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (PBL2008 §12-5 NR.5)</b>	
	LNFRareal for nødvendige tiltak for LNFR
<b>Reguleringsplan- Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §12-5 NR.6)</b>	
	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
<b>Reguleringsplan-Omsynsoner (PBL2008 §12-6)</b>	
	Faresone - Ras- og skredfare
	Faresone - Flomfare
	Sikringsone - Frisikt
<b>Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL2008</b>	
	Sikringsonegrense
<b>Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008</b>	
	Planen si avgrensing
	Faresonegrense
	Formålsgrense
	Byggjegrænse
	Regulert senterlinje
	Frisiktslinje
	Målelinje/avstandslinje





Kontaktinformasjon:  
Adresse: Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta  
E-post: [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no)  
Tel.: 70 04 52 20  
Heimeside: [www.oseing.no](http://www.oseing.no)